

Årsplan 2024-2025



«Saman i tryggleik og undring»

Årsplanen skal vise korleis vi arbeidar for å oppfylle krava i [rammeplanen](#).

Fastsett av samarbeidsutvalet 15.10.24 i høve med [barnehagelova §2](#)



Innhald

<u>Om barnehagen</u>	3
<u>Om årsplan</u>	4
<u>Verdiar, visjon og syn på barn</u>	4
<u>Årshjul</u>	5
<u>Barns allsidige utvikling</u>	6
<u>Medverknad og demokrati</u>	8
<u>Livsmeistring og helse</u>	8
<u>Berekraftig utvikling</u>	9
<u>Samarbeid</u>	9
<u>Tilknyting og overgangar</u>	10
<u>Utviklingsarbeid</u>	11
<u>Fagområda</u>	12




Om barnehagen

Giske barnehage er en mellomstor barnehage midt på øya Giske. Barnehagen har unike moglegheiter, både med den rike naturen kysten bidrar med rundt barnehagen. Men også den spennande og unike historia til øya som går over 1000 år tilbake.

Barnehagen er kommunal og følgjer Giske kommune sine [vedtekter](#).

Barnehagen vil til ei kvar tid organisere seg slik vi meiner er best mogleg for dei barna som går i barnehagen. Barnehageåret 24/25 vil vi ha fire avdelingar i barnehagen. [Trykk her for å lese meir om avdelingane og sjå personale](#)



Takk til Knasteriet for illustrasjonar

Styrar:	Elias Valderhaug
Adresse:	Bedehusvegen 5 6052 Giske
Telefon:	417 02 367
E-post:	giske.barnehage@giske.kommune.no
Arnugane:	482 07 461
Langhuset:	482 15 397
Vikingskipet:	482 51 086
Høvdingsetet:	482 13 988
Opningstid:	07.00-16.30
Heimeside:	https://www.giske.kommune.no/giskebarnehage
Facebookside:	https://www.facebook.com/barnehagegiske

Om Årsplan

Barnehagelova §2 fastslår at med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalet for barnehagen fastsette ein årsplan for den pedagogiske verksemda. Rammeplanen seier at årsplanen skal vere eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngivingane til barnehagen. Det skal også komme fram av årsplanen om korleis vi arbeidar for å innfri samfunnsmandatet barnehagen er gitt og korleis arbeidet vårt skal sjå ut i praksis.



Årsplanen skal vise korleis barnehagen arbeidar for å oppfylle krava i [rammeplanen](#). Årsplanen skal også beskrive korleis vi arbeidar for med [kvalitetsplan for oppvekst](#) i Giske kommune.

Verdiar, visjon og syn på barn

Verdigrunnlag

Det går fram av barnehagelova § 1 at barnehagen skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Alle barnehagar skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og internasjonale konvensjonar som Norge har slutta seg til slik som barnekonvensjonen og ILO-konvensjonen. I Giske barnehage utarbeida vi eit [verdidokument](#) 2018-2019.

Giske kommunen har sitt eige [verdigrunnlag](#), som barnehagen arbeidar etter. I Giske kommune skal det daglege arbeid vere prega av: Respekt, engasjement, løysningvilje og kvalitet.

Visjon og syn på barn

Giske barnehage sin visjon er: «Saman i tryggleik og undring», med det meiner vi:

- Barna skal møtast med anerkjenning og respekt
- Personalet skal ha eit moglegheitsfokus
- Barna er og skal oppleve seg som sjølvstendig subjekt og få medverke etter alder og modning
- Leik og læring i barnehagen bygger på utforsking og undring.
- Barna sitt virke er i fokus og ei målsetning om at alle tenker: «Det var bra eg kom».

Årshjul

Barnehageåret varer frå 1.august til 31. juli. I høve [vedtektene](#) er barnehagen stengt dei tre siste vekene i juli, samt romjul og påskeveke.

Barnehagen planlegg pedagogiske aktivitetar gjennom året. Kvar avdeling har ein kort plan for august som er forberedt førre barnehageår. Deretter planlegg dei for større deler av året i periodeplanar.

Periodeplanane er gjeldande for:

- September og oktober
- November og desember
- Januar, februar og mars
- April, mai og juni

Ein finn til ei kvar tid ei god oversikt over viktige datoar i [barnehageruta](#).

Planleggingsdagar 24/25: 12. og 13. august, 28. oktober, 30. mai og 13. juni.

Hausten:

- Tilvenning og oppstart
- Berekraftprosjekt
- Brannvernveke i veke 38

Vinteren:

- Markering av jul
- Markering av samefolkets dag
- Adventsfest med foreldre

Våren:

- Avdelingstilpassa karneval
- Markering av påske
- Barnehagesymjing for førskulebarn

Sommaren:

- Vikingprosjekt
- Sommarfest med foreldre
- Overgangsarbeid



Barns allsidige utvikling

Arbeidet med omsorg, leik, læring, danning, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk skal sjåast i samanheng, samla skal det bidra til den allsidige utviklinga til barna.

I Giske barnehage har vi utarbeida ein [plan for arbeid med barns allsidige utvikling](#) og ein [plan for arbeid med sosial og emosjonell kompetanse](#). Barnehagen arbeidar prosjektbasert i det pedagogiske arbeidet med barna.

Omsorg

- Personalet ser og dekker barnas behov for nærheit og trøyst
- Personalet skal sørge for at barna får erfaringar med å ta vare på seg sjølv og andre
- Personalet deltek i barna si utforsking ved å vere nær barna og gi dei den tryggleiken og støtta dei treng

Leik

- Personalet skal anerkjenne alle typar leik og legge til rette for varierte og god leik
- Leiken skal ha ein eigenverdi og barn skal få leike fritt og spontant
- Dei tilsette skal aktivt delta i leiken på barnas premisser og støttar barna utifrå deira behov

Læring

- Læring skal ha ein relevans til verden barna tilhøyrar og livet dei står ovanfor
- Læring skal ha fokus på prosesser og drivast av utforsking og undring gjennom prosjektarbeid
- Læringa skal vere heilskapleg og ha høg grad av medverknad frå barna

Danning

- Barna skal få oppleve å påverke innhaldet i barnehagen og samfunnet rundt seg
- Barna skal oppleve å delta i demokratiske prosesser og oppleve at dei er ein viktig del av fellesskapet
- Personalet skal vise respekt for barna, deira interesser og deira måte å forstå verda på



Sosial og emosjonell kompetanse


- Barna skal oppleve gode samspel med andre barn og voksne gjennom at personalet støttar deira initiativ til samspel og bidrar til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde venner
- Personalet skal arbeide etter dei kommunale barnehagane sin [handlingsplan for eit trygt og godt barnehagemiljø](#), med å førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenking og uheldige samspelsmønster
- Personalet skal anerkjenne alle kjensler barna viser

Kommunikasjon og språk

- Personalet skal anerkjenne barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk
- Personalet skal arbeide inkluderande for at alle barna skal kunne bruke kommunikasjon som eit reiskap for tenking og uttrykk for eigne tankar og kjensler
- Personalet skal aktivt arbeide for at alle barna har eit godt språk og omgrepsforståing gjennom allsidig arbeid. Dette inkluderer at ein leggje til rette for blant anna ekstra støtte gjennom språkgrupper og omgrepsutforskning ved behov

Barns allsidige utvikling

- Personalet skal bruke observasjon og pedagogisk dokumentasjon som eit grunnlag i sitt didaktiske arbeid for å vareta barns allsidige utvikling
- Barna har forskjellige føresetnader og personalet skal inkludere alle i leike- og læringsmiljøet til barnehagen
- Personalet skal arbeide med prosjekter som bygger på barnas interesse, der barna får medverke inn i sitt eige læringsmiljø



Medverknad og demokrati

Medverking i barnehagen handlar om å gi barna moglegheiter til å påverke sin eigen kvardag, om å bli spurt, bli lytta til og akseptert som kompetente bidragsytarar. Barna har intensjonar, er aktive aktørar og deltakarar som har rett til å ytre seg om barnehagens fellesskap, innhald og daglegliv.

- Personalet skal arbeide for eit inkluderande fellesskap gjennom å forhalde seg til barna med likeverdighet, gjensidighet og respekt
- Barna skal få tid og rom til å komme med innspel, gjennom både kroppslege og verbale uttrykk
- Personalet skal anerkjenne barnas forståing av verda og barnas initiativ skal påverke dei tilsette slik at barnas meiningar og innspel blir høyrte
- Barnehagen skal ha eit barneråd der dei eldste barna får vere med å utvikle barnehagen



Livsmeistring og helse


Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast av personalet og dei skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi.

- Personalet skal løfte fram barna sine tankar og meiningar gjennom anerkjennande kommunikasjon
- Barna skal oppleve at personalet står opp for dei, støttar dei, snakkar dei fram og heiar på dei
- Barna skal oppleve å bli inkludert, dei skal få tilpassa støtte frå personalet til å klare å delta og føle seg som ein del av fellesskapet
- Barnehagen skal vere livsforberedande og gi barna kunnskapar dei treng for å meistre livet

Berekraftig utvikling

Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, demokrati, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner den. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.

- I løpet av hausten skal alle avdelingar arbeide med eit prosjektarbeid som handlar om berekraftig utvikling
- Barna skal få erfaringar med å ta vare på naturen og vere med på å tenke kritisk rundt forøpling
- Barna skal oppleve nytta av naturen, livet og jorda. Dei skal få erfaringar med at vi tek vare på ressursane
- Barna skal få erfaringar med å ta vare på seg sjølv og kvarandre



Samarbeid

Personalsamarbeid

For å sikre kvaliteten på det arbeidet vi gjer, er personalet avhengige av å ha arenaer kor vi saman kan drøfte, planlegge, vurdere og reflektere omkring vår praksis.

- Møter i barnehagen skal vere saklege, effektive og faglege
- Personalet skal planlegge, dokumentere og evaluere eigen praksis for å kontinuerleg lære og forbetre sitt arbeid
- Alle i personalet skal oppleve å få bidra aktivt i utviklingsarbeid
- Personalet skal samarbeide med andre instansar når det er hensiktsmessig og til barnets beste


Foreldresamarbeid

- Barnehagen skal leggje til rette for at foreldre kan medverke og samarbeide inn mot barnehagen. Personalet skal ta foreldre sine bekymringar på alvor
- Foreldre skal oppleve at dei blir sett, høyrte og inkludert
- Barnas behov for omsorg og leik skal ivaretakast i samarbeid og forståing med heimen

Tilknyting og overgangar

Tilknyting

- Barneheten skal samarbeide med foreldre og leggje til rette for at barnet får ein god og trygg start i barneheten
- Personalet skal sette av tid til at barnet blir trygg og etablere gode relasjonar til personalet og til andre barn
- Foreldre skal få tilbod om å evaluere tilknytingstida



Overgang til skulen

- I samarbeid med skulen skal barneheten legge til rette for at barna får ein trygg og god overgang
- Barneheten skal bruke Giske skule sitt område og gymsal etter avtale med skulen og bidra til at barna frå tidleg av får eit positiv oppleving av skulen
- Barneheten skal følgje Giske kommune sitt årshjul for overgang frå barnehage til skule og SFO
- Barneheten skal sørgje for at skulen har nødvendig informasjon om barnet for å fortsette arbeide med å ivareta barnets allsidige utvikling

Overgang i barneheten og til andre barnehagar

- Barna skal få den støtta dei treng for å føle seg trygg med nytt personale og ny avdeling når dei har interne overgangar i barneheten
- Frå 17. mai og ut barnehageåret skal barneheten arbeide med interne overgangar, personalet skal sjå kvart barns sitt behov i forhold til overgang til ny avdeling
- Barneheten skal samarbeide med foreldre om overgang til ny barnehage ved å til dømes gi dei råd og støtte til korleis overgang blir best mogleg for barnet
- Barneheten skal samarbeide med ny barnehage og gi dei nødvendig informasjon om barnet for å fortsette arbeide med å ivareta barnets allsidige utvikling



Utviklingsarbeid

Tidleg innsats gjennom arbeid med inkludering

Barnehageåret 2024/2025 vil personalet fortsette utviklingsarbeidet som handlar om inkluderande praksis. Giske barnehage skal vere ein barnehage for alle og vi vil jobbe mot eit mål om at alle barna tenker: «Det var bra eg kom!»

Dette utviklingsarbeidet vil strekke seg over fleire år, temaet for barnehageåret 2024/2025 vil vere: Kultur for mangfald.

Gjennom arbeid med utviklingsarbeidet skal personalet blant anna:

- Forstå kva som ligg i omgrepet mangfald og snakke med barna om omgrepet
- Vere bevisst på egne og kollegaers meningar, haldningar og verdiar knyta til mangfald og vite korleis ein arbeidar saman i eit profesjonelt fellesskap for å utvikle ein inkluderande praksis

Tidleg innsats gjennom arbeid med språk

Barnehageåra 2024/2025 og 2025/2026 vil Giske barnehage arbeide med barns språkutvikling og språkvanskar gjennom regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage (REKOMP). Giske barnehage vil saman med Vigra barnehage og det spesialpedagogiske teamet i Giske kommune samarbeide med Høgskulen i Volda for å auke personalets kunnskap om barns språkutvikling og språkvanskar.

Vi vil i løpet av hausten utarbeide ei problemstilling, samt mål og delmål for arbeid med utviklingsarbeidet. Arbeidet med utviklingsarbeidet vil skje gjennom aksjonsforskning. Det vil sei at vi tar utgangspunkt i eigen praksis og vurderer den kritisk. For så å planlegge aksjonar som ein gjennomfører, observerer og reflekterer over med eit mål om betre eigen praksis.



Fagområda

[Rammeplanen](#) har sju fagområde som speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder.

- Arbeid med fagområda skal vere tverrfagleg
- Arbeid med fagområda skal vere inkludert i didaktisk planleggingsarbeid og tydeleggjerast i periodeplanar
- Arbeid med fagområda skal fremje trivsel, allsidig utvikling og helse for barna
- Arbeid med fagområda skal gjerast med utgangspunkt i barnas sine interesser
- Arbeid med fagområda skal gjerast gjennom prosjektarbeid og personalet skal verdsette barnas uttrykk og meiningar
- Arbeid med fagområda kan innehalde bruk av digitale verktøy, i alle tilfelle skal bruken vere pedagogisk og tilrettelagt alder og modning. Ved bruk av digitale verktøy skal bruken vere aktiv og ein skal kunne grunngje bruken med at den tilfører aktiviteten noko

